

Til årsmøtet i ØNU 2011 under eventuelt  
Sak reist av Olav Svoen

Har i dei siste åra sett store endringar i "vannspeilet" i Svo / Nesvatnet. Endringar i negativ lei med låg vannstand store deler av sommaren. dette merkast først og fremst på den ytre delen av Svovatnet og indre Nesvatnet. Sist sommar /haust var det vanskeleg å kome ut med båt frå ytre delen av vatnet. Dette er også uheldig for fisk / fiskeplassar langs land, men også attgroinga med vassgras er etter kvart eit veksande problem. Det estetiske i ei elles flott grend vert etter mitt syn svekka då vatnet er kanskje det viktigaste "blikkfanget " vi har i grenda.

Problemet skriv seg frå utløpet i Nesvatnet der utløpet består av lausmassar som over år har vorte vaska vekk slik at elveutløpet vert senka, noko som igjen gjenspeilar den låge vannstanden, i tillegg har utløpet gjennom år lagt opp massar på ytterkantane som igjen fører til dei høge vasstoppane i vatnet i ekstremver.

Har sist haust snakka med Eikenes i kommunen om problemet. Eit problem som han hadde forståelse for og bad meg i første fasen snakka med NVE om saka.

Forige veke la eg fram problemstillinga for Helge Leif Nordvik (NVE) og Håkon Myrvang på eit uformellt møte i Førde. I følge Nordvik er dette ikkje noko tiltak som krev konsisjon etter vassressurslova, vidare så må eit slikt tiltak godkjennast av fylkesmannen då dette er eit verna vassdrag.

Hans råd var at ein sende ein søknad om tiltaket gjennom kommunen som behandla den og sende den vidare til NVE. Myrvang lova at dette skulle vere ei rask behandling på frå kommunen si side.

Vidar presiserte Nordvik at det var ein styrke dersom eit "grunneigarlag" sto bak ein slik søknad.

På bakgrunn av ovanforne bed eg om at årsmøtet i utmarkslaget set dette opp på sakskartet til årsmøtet. Er oppmerksom på at sakene skulle vore styre i hende 30 dagar før årsmøtet men til det vart tida for knapp.

Mvh

Olav Svoen